

Overordna handlingsplan 2019

Verneområde: Rådhus inkl. bibliotek og kulturskule

1. Grunnlag:

Viser til Arbeidsmiljølova kap. 3 og 4 og [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(Internkontrollforskriften\)](#) § 5.

Kartlegging/vernerunde skal gjennomførast minst ein gong per år. Aktuell prosedyre gjeld kartlegging av svake sider eller problemområder som ikkje kan definerast som avvik (= brot på lover og regelverk), men der det likevel er rom for forbetringa. Sjekkliste er eit tenleg hjelpeverktøy. Her kan ein og nytte eige skjema for risikoanalyse (KF system). Kartlegging/vernerunde og risikoanalyse dannar grunnlag for lokal og/eller overordna handlingsplan.

Ansvar for å gjennomføre vernerunde ligg til tenesteområde/stabsleiar. Verneombod (MFK og MMT) for aktuelt verneområde skal delta. Når det gjeld verneområde rådhus mv er det pt seniorrådegjevar HK som koordinerer gjennomføring av vernerunde, samstundes som aktuell tenesteområdeleiar er ansvarleg for sitt område.

Når det gjeld ulik kvalitetsmål viser ein til sjekkliste.

2. Involverte tenester/områder:

Rådmannskontor inkl. dokumentcenter, resepsjon

Rådmannskontor v/rådgjeverar.

PPT, økonomikontor og NAV

Helse inkl. legekontor, psykisk helse- og rusteneste, helsestasjon samt fysioterapi

Kultur inkl bibliotek og kulturskule

Plan, utbygging og kommunalteknikk (minus drift og vedlikehald)

Vaksenopplæring

3. Aktuelle dokument:

KF kvalitet:

- KF kvalitet – mal sjekkliste vernerunde
- KF kvalitet – skjema for handlingsplan
- KF kvalitet – skjema for risikoanalyse

4. Gjennomføring av vernerunde:

Alle leiarar har involvert personale og fylt ut sjekkliste jfr punkt 3 før vernerunde.

Vernerunde er gjennomført etter eigen tidsplan, der leiar, verneombod MFK/MMT og seniorrådgjevar HK deltok. Ein går gjennom alle spm i sjekkliste, har samtale om aktuelle utfordringar kombinert med fysisk runde på avdeling og helser på personale.

5. Overordna handlingsplan:

Detaljert gjennomgang av sjekkliste for kvar einiskild avdeling gjev at ein vurderer at ein for nemnde verneområde har oppfylt krav i internkontrollforkrift §5 om utført risikovurdering. Dette omfattar både indre og ytre miljø med tilhørande overordna handlingsplan.

Overordna plan (under) er utarbeida av verneombod MFK/MMT og seniorrådgjever HK med grunnlag i gjennomført vernerunde. Nytt verneombod MMT tok del frå august. Tenesteområdeleiar må sjølv ta ansvar for mindre lokale tiltak, og vurdere/utforme eigen lokal handlingsplan. Aktuelle tema for lokal handlingsplan er ført i eige skjema.

Generell tilbakemelding frå leiarar og personale er at dei trivest og har eit godt arbeidsmiljø. Samstundes er det einiskilde enklare tiltak som bør utbetrast. Dette vert utført lokalt ved den einiskilde tenesteområdeleiar. Personale melder generelt at ein opplever tenleg involvering i arbeidet med ny organisering i Alver kommune. Oppfølging etter etablering av Alver bør følgast opp i ny vernerunde 2020.

5.1 Temperatur

Ein har vurdert eit overodna tiltaksområde som naudsynt å prioritere vidare. Dette gjeld temperatur rådhus. Det har over år vore meldt utfordring med temperatur (varm/kaldt) på rådhuset. Etter at solskjerming var fjerna har utfordringa tiltatt. Verneombod har i samarbeid med PUK v/drift arbeida for å betre tilhøva i inneverande år. Ein har kartlagt temperaturmålingar jfr. vedlegg. Per tid er status som følgjer:

- a) PUK v/drift har nyta driftsbudsjett for innkjøp og montering av separate kjøleanlegg for 6 legekontor, resepsjon v/legekontor og laboratoriet. Tenesteområdeleiar Helse melder at effekt har vore god. Kontor jordmor har ikkje fått dette installert. Det er meldt at det ikkje er yttarlegare midlar tilgjengeleg.
- b) Ein vurderer at det er trong for utskifting av alle vindu på Rådhus. Dette for å betre kunne styre varme/kuldetap i bygg. Sørsida av Rådhus må prioriterast først. Rådmann vert oppmoda til å vurdere å fremje sak om omdisponering/disponering av investeringsbudsjett (prosjekt) i haust. Ein bør vurdere å nytte desse midlane til innkjøp av vindu samt kostander ved montering. Det er venta effekt i heile bygget ved utskifting av vindu på sørsida av Rådhus. Dette vil og bidra til at inneklima ved t.d. NAV vil betre seg.
- c) Alver kommune må vurdere innkjøp av enten nytt sentralt system for kjøling eller fleire separate kjøleanlegg på rådhuset. Her kan ein t.d. vurdere kjøling i sentrale einingar/korridorar/større rom for å begrense kostnad.

Tenesteområde	Forhold som kan medføre risiko innan aktuell teneste/område	Tiltak	Frist	Overordna ansvar
Verneområdet/Rådhus samla vurdering uavhengig teneste/avdeling	<p>Dei fleste avdelingane har opplevd for dårleg effekt av styring med for låg/høg temperatur. Det mangler kjølesystem (varmepumpe).</p> <p>Dette gjeld særskilt legekontor, teknisk og rådgjevargang og NAV</p>	<p>Må vurdere ny samla kartlegging av kapasitet og styring av temperatur (kjøling/varmepumpe).</p> <p>Verneombod viser til punkt 5.1 for tilrådd gjennomføring/prioritering.</p>	Før vernerunde 2020.	Rådmann
Kultur	Bibliotek har for trange lokaler til verksemda og mangler tilstrekkeleg kontor- og magasinplass	Bør vurdere og kostnadsrekne alternative løysingar som kan betre plassbehov .	Før neste vernerunde 2020	Rådmann saman med leiar for tenesta
Økonomi	Ingen merknad			
Rådmannsktr v/resepsjon	Utfordring med støy/ekko i resepsjonsområde.	Kostnadsrekne og utbetre støydempande tiltak.	Før neste vernerunde 2020	Rådmann
Psykisk helse- og rusteneste	Ingen merknad		Sjekk før neste vernerunde 2020	Leiar for tenesta
Helsestasjon	Utfordring med lytt kontor for helsesjukepleiar ved Rosslund skule.	Vert søkt løyst lokalt med Rektor.		
Legkontor	Iverksatt tiltak			
Fysioterapi	Ingen merknad			
NAV	Aktuelle tema som kom fram kan løysast lokalt av tenesteområdeleiar via eigen tiltaksplan.	Sjå punkt 5.1	Før neste vernerunde 2020	Rådmann
Rådgjevar				
PUK				
PPT	Har kommentert jfr temperatur			
Voksenopplæring	<p>Ønskjer å få etablert alarmordning. Det er vurdert risiko for uønska atferd frå einskilde brukarar.</p> <p>Kan t.d per tid ikkje åpne vindu i alle kontor.</p>	<p>Utgreiie alarmvarsling. Må involvere anna avdeling mtp mottak av varsling.</p> <p>Bør vurdere utskifting vindu som kan åpnes.</p>	Før neste vernerunde vår 20	Rådmann saman med leiar tenesta

Dato: 09.09.19

Marius Flemmen Knudsen
Verneombod

Mette Marei Træland
Verneombod (august-)

Helge Kvam
Seniorrådgjevar/koordinator

Vedlegg- temperaturmåling